

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag

08.03. 2022 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Gerda Bondø (møtte for Marta Fauskanger Ekberg,) Camilla Rubach, Elin Taranger, Per Harald Gjerde og Aksel Lygre.

Desse møtte ikkje: Marta Fauskanger Ekberg og Heidi Torkelsen Fagervik.

Sak 22 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 08.02.22 og innkalling. Møtebok godkjend. Innkalling godkjend, med tillegg sak nr 30.

Sak 23 – 2022 Oppfylging av tidlegare saker.

Temakveldar – kort evaluering av fastegudsteneste: Lydproblem grunna gravferd tidlegare i veka, og gravferdsbyrået bør få melding om dette. Gode tilbakemeldingar på gudstenesta. Svært god avgjerd å ha offer til Ukraina på fastegudstenesta. Neste ordinære temakveld vert planlagt etter soknerådsmøtet i april.

Tårnagenthelg – Vart ein suksess, trass i at mykje av det opprinnelege personalet var sjuke.

Samling med stab, lokalt tilsette og nokre frivillige 14.juni. **Påminnar:** Korleis kan vi styrka dåpstala? Saka vert teke opp på dette møtet.

Skap til teknisk utstyr bak i kyrkja. Kor står saka no? Rune orienterte. Soknerådet ynskjer eit noko større skap som går heilt til golvet. Det vil dekkje behovet for det som treng lagrast der.

Skal me arrangere kyrkjekaffi framover? Me startar opp med kyrkjekaffi den 20. mars.

Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar. Sjå sak 16 og 17 førre møte. Kvar står sakene? Saka er i prosess.

Fleire personar til økonomikomiteen for jubileumsboka? Sofie Røksund Johannessen og Hans Ola Røksund har sagt ja til å vere med.

Årsmøtet 17.mars – siste førebuingar: Leiing av møtet; 2 til å skriva under referat; referent; Camilla Rubach. Klargjering av lokale; bevertning; rekneskap og budsjett på papir. Dette og anna må planleggjast. Fokus? Inkluderande kyrkjelyd med fokus på gudstenesta.

Sak 24 – Årets bøsseberar-aksjon for Kirkens Nødhjelp den 5.april.

Me fekk ei kort orientering ved Camilla og Aksel

Dei som riggar til lokalet møter kl. 15.30 i Salem. Bøssebærarar møter 16.30.

Soknerådsmedlemmer og varamedlemmer vert oppfordra til å melde seg som bøssebærarar, og møter då opp kl. 16.30

Sak 25 - 2022 Flytte soknerådsmøtet frå 5.april til 4.april?

Me bør vel unngå å ha soknerådsmøte på nett same dagen som KN-aksjonen? Vedtak: Soknerådsmøtet vert flytta til 4. april.

Sak 26 – 2022 Konfirmasjon og andre arrangement knytt opp til konfirmantane

23.mars vert det innskriving av nye konfirmantar. 24.april er det konfirmantgudsteneste med fest på Salem i etterkant. Maten tek Salem, me har ansvar for innhaldet elles på festen. 3.mai er siste time, med øving, prøving av kappar og fotografering. Me treng å drøfta korleis me gjer det med foto. Konfirmasjon 7. og 8.mai Kva med pynting?

Vedtak: TOL-utvalet får ansvaret for innskrivinga 23. mars. Per Harald og Aksel er festkommite og har ansvar for programmet på festen. Til den 3. mai: Elin og Marta har sett over kappene, og eventuelt vaska dei på førehand. Gerda set eventuelle sting i kappene. Soknerådet leiger inn fotograf som tilbyr bilete til konfirmantar og foreldre, og som vert send til avisa. Soknerådet bed pyntekomiteen om å ta pynteoppdraget den 24. april og konfirmasjonane den 7. og 8. mai.

Sak 27 – 2022 Vigsling og ordinasjon i Bremnes – helsing og blomar?

Laila Hansen Røyksund og Åse Selsvold vert ordinerte til prestar, Sissel J F Våge vert vigsla til diakon 19.juni. Kva stiller me med av blomar og helsingar?

Vedtak: Soknerådet kjøper inn bukettar, og Aksel og Rune overbringer dei med helsing

Sak 28 – 2022 Beredskap og givarteneste i samband med krigen i Ukraina.

Korleis skal me som kyrkjelyd respondere på den fortvila situasjonen?

Vedtak: Soknerådet går inn for at me i gudstenestene våre oppmodar folk om å gje flyktningar husrom.

Sak 29 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen : Orgelet vert ikkje ferdig til planlagd tid. Det vert ferdig 6 månader seinare enn først planlagd. Dette kan få konsekvensar i jubileumsåret.

Trusopplæringsutvalet

Estlandskomiteen: Det kjem gjester frå Estland den 25-27 mars. Gudsteneste i Bremnes kyrkje den 27. mars, og songkveld i Moster kyrkje.

Frå fellesrådet og administrasjon: Fellesrådet godkjende at det vart eit medlem mindre i orgelkomitèen.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: God stemning hjå konfirmantane. I høgmessa skal det normalt lesast tre bibeltektar, dersom ikkje særskilde grunnar tilseier noko anna. I forenkla gudsteneste(familiegudsteneste) skal det normalt berre lesast ein tekst.

Sak 30 – 2022 Søknad om støtte til 150-årsjubilèet.

Vedtak: Aksel tek ansvaret for å forfatte ein søknad til SR-bank innan 15. mars.

Per Harald Gjerde
Skrivar